



Beiteområdet til sauene (del av areal disponert av Skjold beitelag). Beitet er i sin helhet over 600 meter over havet, og ligger innenfor Vestland fylke.

Sommeren 2023 ble det sluppet 65 voksne sauer på beite.

Nedenfor vises utklipp fra informasjonssiden til Statsforvalteren i Vestland angående beiting av arealer som ligger over 600 moh (kilde:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/tilskot-innan-jordbruk-og-skogbruk/nytt-tilskot-til-sau-pa-utmarksbeite/>)

Beiting med sau på høgareliggende utmarksbeite vert no premiært med eit nytt tilskot gjennom Regionale miljøtilskot i jordbruket i Vestland (RMP). Det vert og innført nye tilskot innan ammegeit-, potet- og grønsaksproduksjon.

Publisert 05.07.2023



Klimavenleg beiting i utmarka

Sauen si beiting i utmarka er viktig for å oppretthalde ope landskap og opne stiar, og beitinga er positiv for det biologiske mangfaldet. Beiting i utmark er og klimavenleg ved at den produserer mat på areal som elles ikkje kunne vore nytta til matproduksjon, i tillegg til at beiting over tregrensa vil auke albedo-effekten (reflektering av sollyset) og såleis bidra til mindre oppvarming. Dei høgareliggende beita er dei mest verdifulle utmarksbeita med omsyn til beitekvalitet, dyrevelferd og klimavenleg beiting.

Det nye utmarksbeitetilskotet gjeld sau over eitt år som beiter minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauene ligg minst 600 meter over havet. Vidare må føretaket vere medlem i eit beitelag for å kunne søke. Tiltaket er avgrensa til 100 sauer per føretak, og førebels sats er sett til kr 25 per sau. I søknadsskjemaet heiter tiltaket Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark.

Sauen er den viktigaste landskapspleiaren i utmarka grunna fôrval, beitemønster, utbreiing, omfang og med liten fare for trakk-skadar. Utmarksbeite er den tradisjonelle driftsforma for sau sommarstid i Vestland. Tal sau i utmark går diverre nedover, men eit nytt tilskot kan vere eit av fleire grep for å snu denne utviklinga.